



# NORSK INSTITUTT FOR SKOG OG LANDSKAP

---

ÅRSMELDING 2012



© Skog og landskap

Redaktør: Severin Woxholt  
Layout og trykk: 07 Media AS – 07.no

**Omslagsbildet:** Kornåker og gårdsallé er viktige landskapselementer på mange norske gårdsbruk. Her er moden vårhvete og svensk asal i tåkedisen inn mot Dyster gård i Ås.

Foto: Dan Aamlid, Skog og landskap.

# NORSK INSTITUTT FOR SKOG OG LANDSKAP

## ÅRSMELDING 2012

Om Norsk institutt for skog og landskap.....	4
Ambisjonar og utfordringar .....	5
Styrets årsberetning 2012 .....	6
Resultatregnskap 2012 .....	11
Balanse pr. 31.12. 2012 .....	12
Produkter og tjenester 2012 .....	14
Faglige høydepunkter 2012.....	15
Jordkvalitetskart – bringer jordvern hensyn tidlig inn i planprosessen .....	18
Modernisering av Gårdskart på Internett .....	20
Plantegenetiske ressurser fra vill flora – en viktig økosystemtjeneste.....	22
Renessanse for nasjonal driftsteknisk kompetanse i Norge.....	24
Skogbrann i Trillemarka: 800 år med naturlig og menneskeskapt brannhistorie .....	26
Landsskogtakseringen gir nå full oversikt over all norsk skog.....	29
Kunnskap for miljø og verdiskapning .....	32
Status for kartlegging .....	35
Publikasjoner 2012 .....	37
Oversikt over publikasjoner og foredrag de senere år.....	46
Foredrag 2012.....	47



# OM NORSK INSTITUTT FOR SKOG OG LANDSKAP

## Historikk

Norsk institutt for skog og landskap (Skog og landskap) ble opprettet ved Kongelig resolusjon av 21. desember 2005 ved fusjon av Norsk institutt for skogforskning (etablert 1916) og Norsk institutt for jord- og skogkartlegging (etablert 1960).

## Formål

Skog og landskap er et nasjonalt institutt for kunnskap om arealressurser. Instituttet skal forske og framskaffe informasjon knyttet til skog, jord, utmark og landskap. Skog og landskap skal formidle kunnskap til myndighetene, næringslivet og allmennheten.

Skog og landskap skal bygge opp og vedlikeholde kompetanse som nasjonalt faginstitut, og forskningen skal være på et høyt internasjonalt nivå. Instituttet har en fri og uavhengig stilling i alle faglige spørsmål.

## Visjonen

Kunnskap for miljø og verdiskaping

## Samfunnsoppdraget

Skog og landskap skal bidra til

- økt kunnskap om arealressursenes forekomst, egenskaper og tilstand
- økt verdiskaping i skog-, areal- og teknologi baserte næringer
- bedre miljø- og ressursforvaltning
- fremtidsrettet forvaltning av landbrukets genressurser
- fornyelse, kvalitet og effektivitet i forvaltningen

## Virksomheten omfatter

- Forskning; både med kort og langsiktig perspektiv, strategisk grunnleggende og anvendt, med solid forankring i brukerbehov og nytteperspektiv
- Ressursundersøkelser; som i vid forstand kartlegger arealressursenes forekomst, egenskaper og tilstand
- Infrastruktur og dataforvaltning; som setter formidlingen av arealressursinformasjonen i system og gjør datagrunnlaget og kunnskapen tilgjengelig
- Rådgiving, forvaltning og kunnskapsformidling; som bidrar til at kunnskapen og kompetansen blir tatt i bruk for å nå samfunnsmålene, både nasjonalt og internasjonalt
- Forvaltning av landbrukets genressurser

## Organisasjonsform

Skog og landskap er et forvaltningsorgan med særskilte fullmakter under Landbruks- og matdepartementet. Styret er virksomhetens øverste organ og består av 7 medlemmer, hvorav 2 er valgt av de ansatte. Instituttet er nettobudsjettet og regnskapet føres i henhold til regnskapsprinsippet. Skog og landskap har sitt hovedkontor i Ås kommune i Akershus. Instituttet har regionkontorer i Vest-Norge (Bergen), Midt-Norge (Steinkjer) og i Nord-Norge (Tromsø).

# AMBISJONAR OG UTFORDRINGAR

Skog og landskap sin visjon er å bidra med kunnskap for miljø og verdiskaping. Det er instituttet sitt samfunnsoppdrag gjennom forskning, kartlegging av arealressursane og formidling av kunnskap å utvikle nyttig kunnskap og vere samarbeidspartner for både forvaltinga og næringslivet i heile landet. Kunnskap frå Skog og landskap skal bidra til å utvikle dei arealbaserte næringane til berekraftig bruk, auka innovasjon, betre lønsemd og meir effektiv forvaltning. Vi skal vere kunnskapsleverandør til den nye bioøkonomien.

Dei politiske måla er ambisiøse. Matproduksjonen skal auke i takt med folketilveksten, skogen skal gi monalege bidrag til binding av klimagassar og skognæringane skal snu industrikrisa til vekst og nyskaping. Skog og landskap fornya strategien i 2012. Strategiprosessen var forankra i eigne føresetnader, men likevel mest i analyse av dei krav og rammevilkår instituttet venteleg vil møte i framtida. Skog og landskap markerer med den nye strategien instituttet sin høge ambisjon om framleis å ha ein sterk posisjon som kjelde til kunnskap knytt til desse store nasjonale og globale utfordringane. Strategien slår fast at Skog og landskap skal fokusere innsatsen mot dei faglege utfordringane knytt til klima, auka verdiskaping i bionæringane, auka matproduksjon og betre forvaltning av miljøverdiar og arealressursar.

I strategien legg Skog og landskap òg vekt på auka samhandling mellom dei ulike kompetansane innanfor instituttet. Vi skal integrere kunnskap frå både forskning, ressursundersøkingar og teknologi. Slik skal vi skape enda meir relevant kunnskap av høg kvalitet. Slik skal vi styrke grunnlaget for kunnskapsbaserte løysingar på nye og meir komplekse faglege og politiske spørsmål. Den nye strategien er såleis eit nytt og ambisiøst steg for å skape meirverdi for samfunnet gjennom betre bruk av dei ressursane instituttet rår over.

Samstundes med revisjonen av eigen strategi, har Skog og landskap spela ei aktiv rolle i utviklinga av samarbeidet mellom dei 6 forskingsinstitutta innan mat- og landbrukssektoren. I 2012 har desse institutta underteikna avtale om auka fagleg samarbeid. Gjennom samordna forskingsinnsats vil institutta gi betre bidrag til å løyse dei krevjande kunnskapsbehova som følgjer av mellom anna den nye stortingsmeldinga om land-

bruks- og matpolitikken. Med dette samarbeidet vil institutta skape ei sterkare fagleg plattform for å bidra i regional næringsutvikling, og styrke internasjonal posisjon og konkurransevne.

Eg takkar alle som vi hadde gleda av å samarbeide med i 2012, både brukarar og kundar, samarbeidande institusjonar og personar, styret og eigardepartementet. Og ikkje minst ein stor takk til alle våre engasjerte og fagleg sterke medarbeidarar. Vi har nådd måla for økonomisk resultat, men enda viktigare er det at både vitskapeleg og anna fagleg produksjon har nådd eit høgare nivå i 2012. Når vi gler oss over desse resultatane, glemmer vi ikkje at det er kunnskapen hos medarbeidarane som er Skog og landskap sin største kapital. Medarbeidarane sin motivasjon for å skape ny kunnskap, ny informasjon og nye tenester for brukarane er den sterkaste drivkrafta i instituttet si utvikling.



*Arne Bardalen*  
Arne Bardalen

# Norsk institutt for skog og landskap

## STYRETS ÅRSBERETNING 2012

### Skog og landskap – kunnskap for miljø og verdiskaping

Styret si vurdering er at Skog og landskap har løyst samfunnsoppdraget i 2012. Styret takkar dei tilsette for stort engasjementet og høg arbeidsinnsats. Det er skapt verdfulle resultat til nytte for samfunnet.

*Norsk institutt for skog og landskap* er eit frittstående nasjonalt institutt etablert i 2006, men med røter tilbake til 1916. Skog og landskap skal gjennom forskning, arealressursundersøkingar og kunnskapsformidling, dekke behov for kunnskap og informasjon om skog, jord, utmark og landskap.

Styret konstaterer at 2012 var prega av stor interesse i samfunnet for spørsmål innan instituttet sine kompetanseområde. Samfunnsdebatten har fokusert på problemstillingar som skog og klima, arealbruk, jordvern, attgroing og landskapsendringar, konsekvensar av strukturendringar i landbruket og krisa i skogindustrien. Stortingsmeldingane om landbruks- og matpolitikken,

klimapolitikken og utviklinga mot ein norsk, kunnskapsbasert bioøkonomi, peikar mot at skog, landbruksareal og biomasseproduksjon, vil få auka merksemd i framtida. Instituttet ga mellom anna faglege bidrag til melding til Stortinget om klimapolitikken og til Noregs deltaking i internasjonale klimaforhandlingar. Styret meiner at Skog og landskap har gode føresetnader for å bidra med kunnskap for slike utfordringar. Med dette som bakteppe har styret fornya Skog og landskap sin strategi i 2012. Styret prioriterte denne gongen korleis instituttet si forskning, ressursundersøkingar, teknologiar og kompetansar kan integrerast betre i oppgåveløysinga. Føremålet med dette er å styrke instituttet si faglege verksemd, verdiskaping og konkurranseevne.

Strategiprosessen var forankra i analyse av både eigne føresetnader og dei rammevilkåra instituttet venteleg vil møte i framtida. Samfunnsoppdraget inneber at Skog og landskap gjennom forskning, kartlegging av arealressursane og formidling av kunnskap, skal vere kunnskapsleverandør og samarbeidspartner for både forvaltninga og



Styret og direktør ved Skog og landskap. Frå venstre sjeffingeniør Knut Bjørkelo, Skog og landskap, Helge Evju, styreleiar i Viken Skog, Sigrid Hjørnegård, direktør i Energi Norge, Lisa Sennerby Forsse, rektor ved Sveriges Landbruksuniversitet, styreleiar Arne Rørå, administrerande direktør i Norskog, direktør Arne Bardalen, Skog og landskap, Alf Daniel Moen, tidlegare fylkesråd i Nord-Trøndelag og forskar Gry Alfreksen, Skog og landskap. Foto: John Olav Oldertrøen.

næringslivet i heile landet. Dei politiske måla er ambisiøse, matproduksjonen skal auke i takt med folketilveksten, skogen skal gi monalege bidrag til binding av klimagassar og skognæringane skal snu industrikrisa til vekst og nyskaping. Skog og landskap markerer med ny strategi instituttet sin ambisjon om å ha ein sentral posisjon som kjelde til kunnskap knytt til desse store samfunnsutfordringane, som er av både nasjonal og global karakter.

Strategien slår fast at Skog og landskap skal styrke posisjonen som nasjonal premissleverandør på politikkområde som gjeld klima, auka verdiskaping i bionæringane, auka matproduksjon og betre forvaltning av miljøverdiar og arealressursar. I strategien legg Skog og landskap òg auka vekt på samhandling mellom instituttet sine ulike kompetansar, noko som styret òg følgjer opp ved å sette av serskilte budsjettmidlar. Midla skal nyttast i pilotprosjekt som har til føremål å integrere kunnskap frå både forskning, ressursundersøkingar og teknologi for å skape meir relevant kunnskap av høg kvalitet. Slik skal instituttet styrke grunnlaget for kunnskapsbaserte løysingar på nye og meir komplekse faglege og politiske spørsmål. Den nye strategien er såleis eit nytt og ambisiøst steg i arbeidet med å skape meirverdi for samfunnet gjennom betre bruk av dei ressursane instituttet rår over.

## Forskinga

Skog og landskap har nasjonalt ansvar for forskning for norsk skogsektor, men driv òg landskaps- og arealforskning. Ved styret sitt strategivedtak i 2012 vart forskingsstrategien fornya med tydelegare ambisjonar og prioriteringar. Måla for instituttet si forskning omfattar auka vitsskapeleg publisering, ein tydelegare fagleg profil, auka brukarkontakt og sterkare vekt på internasjonalisering. Skog og landskap har over nokre år nytta basisløyvinga frå Forskningsrådet i tråd med slike strategiske mål. Eit vellukka verkemiddel er bruk av «strategiske grunnbudsjettprogram» for å konsentrere kunnskapsoppbygginga i samsvar med styret sine forskingsstrategiske prioriteringar.

Den vitsskapelege publiseringa målt i tal publikasjonar viste ein monaleg auke frå 73 i 2011 til 104 i 2012. Målt i publikasjonspoeng er auken frå 27 i 2010 til 43 i 2011 og no 61,5 i 2012. Om lag 35 prosent av artikkane i 2012 er publisert i dei mest prestisjetunge vitsskapelege tidsskrifta, også omtala som nivå 2 tidsskrift. Dette er òg ein monaleg større del enn tidlegare år. Tilrådingane frå evalueringskomitear som har vurdert instituttet si forskning dei siste 2 år har vore å auke nivå

2-delen til gjennomsnittet eller minst 20 prosent. Mellom artikkane i 2012 var ein artikkel om grana si overvintring under siste istid i Skandinavia publisert i det prestisjetunge tidsskriftet Science. Styret er sers tilfreds med at den sterke auken i vitsskapeleg publisering frå 2010 til 2011 heldt fram i 2012.

Anna publisering og formidling, både vitsskapeleg og popularisert, held òg godt nivå. I 2012 er formidling frå forskinga og anna fagleg verksemd ved instituttet i form av kronikkar og redaksjonelle artikkelar i riksdekkande dags- og fagpresse auka monaleg.

Skog og landskap har fleire store forskingsprosjekt under arbeid, mellom anna om tema knytt til konsekvensar av auka biomasseuttak frå skog, scenaria for optimal skogbehandling for karbonbinding og bioenergien sin verdikjede, det siste gjennom forskingssenter for miljøvenleg energi (CENBIO). I 2012 avslutta det 4-årige forskingsprosjektet CULTOUR som har undersøkt kva kulturlandskapet betyr for reiselivet. Prosjektet er gjennomført i breitt og tverrfagleg samarbeid med ulike næringar og sektorar. Prosjektet er eit døme på korleis Skog og landskap sine data og metodar kan nyttast for å svare på nye problemstillingar av tverrsektoriell karakter knytt til det norske reiselivslandskapet.

Skog og landskap har relativt lite internasjonalt finansiert forskning, men arbeider aktivt for å auke porteføljen av EU-prosjekt gjennom nasjonale og internasjonale nettverk. PROCOPEN er et stort EU-prosjekt som starta i 2012 og der Skog og landskap er partner. Målet med prosjektet er å demaskere heile den arvemessige informasjonen som er koda inn i bartrea sine DNA. Bartrea sitt genom skal kartleggast. Dette er viktig for å finne ut korleis bartrea kan tåle endra klima og endra livsvilkår.

I 2012 er det nye forskingsprogrammet Bionær etablert. Skog og landskap fekk tilslag på fleire større prosjekt ved den fyrste utlysinga av skogprosjekt, mellom anna knytt til forskning for auka verdiskaping i skogbruket og auka bruk av tre som byggematerial i by. I forskingsprogrammet FRIBIO er konkurransen om løyvingar sers sterk, men eit større prosjekt til Skog og landskap vann fram i konkurransen. Styret er nøgd med at Skog og landskap har vist god utvikling i vitsskapeleg produksjon og konkurranseevne i prosjektmarknaden, men er uroa over kva konsekvensar krisa i skogindustrien kan få for medverknad frå brukarane i både den kort- og langsiktige forskingsfinansieringa.

## Ressursundersøkingane

Skog og landskap har eit nasjonalt ansvar for arealressurskartlegging og -overvaking, utvikling av arealinformasjon, formidling og utvikling av nettbaserte tenester for brukarane. Arbeidet er organisert som langsiktige program med i hovudsak finansiering over statsbudsjettet. Tematisk dekker programma skogressursar, jordsmonn, beite- og vegetasjon i utmark, overvaking av endringar i kulturlandskapet og ajourføring av arealressurskart. Instituttet driv kontinuerleg utvikling av metodar for forbetra datainnsamling, produksjon og distribusjon av produkt og tenester.

Skog og landskap har etablert gardskart (arealressurskart) for alle landbrukseigedomar i dei 430 kommunane i landet. Arbeidet med periodisk ajourhald av dette kartgrunnlaget er no godt etablert i samarbeid med kommunane. 292 kommunar har delteke på Skog og landskap sine kurs i bruk og ajourhald av dette kartet. Den mykje brukte tenesta «Gardskart på internett» er utvikla vidare, med ny plattform og gir med auka funksjonalitet eit enda betre verkty for brukarar i forvaltning, rådgjevingstenesta og for føretaka i landbruket.

For å møte behov for betre kunnskap og tilgang til informasjon i arbeidet med jordvern i arealplanlegginga, har instituttet utvikla det nye informasjonsproduktet jordkvalitetskart. Jordkvalitetskartet er både digitalt og fritt tilgjengeleg, og kan lastast rett inn i dei verktya som blir nytta i planarbeidet i kommunane. Temaet kan dermed kome inn i planprosessane på eit tidleg stadium, slik at ein unngår unødige konflikter og kan få meir effektive planprosessar. Av landets jordbruksareal er det kartlagt 48 km<sup>2</sup> i 2012, totalt er 4737 km<sup>2</sup> detaljert kartlagt.

Innan beitegransking har instituttet teke i bruk nye statistiske metodar for å vurdere beitekapasitet basert på kostnadseffektive utvalsundersøkingar. Metoden gir godt grunnlag for planlegging på oversiktsnivå og meir effektiv innretting av detaljkartlegging og rådgjeving. Dette er eit eksempel på synergi der det gjennom forskning knytt til nasjonale ressursundersøkingar blir utvikla metodar som så blir omsett i praktisk bruk og dermed aukar bruken og verdien av desse undersøkingane. Kartlagt areal for planlegging av bruk og skjøtsel av utmarksbeite i 2012 var 435 km<sup>2</sup>.

Kunnskap om skogressursane er etterspurt både knytt til dei komplekse spørsmåla om skogen si rolle i klimapolitikken og skog som grunnlag for verdiskaping. Både skogskadeovervakinga og Landsskogtakseringa sitt årlege program er gjennomført. Rapporten frå Landsskogtakseringa sitt

omdrev for perioden 2005–2009 vart publisert. I 2012 vart for første gong skogdata for Finnmark publisert på lik måte med resten av landet. Det er òg sett i gang utviklingsarbeid som viser lovande resultat når det gjeld å etablere meir presis informasjon om skogressursane på lokalt nivå ved bruk av ny teknologi.

Skog og landskap sitt program for landskapsovervaking har i 2012 publisert rapportar for Rogaland, Agder, Telemark og Buskerud. Den regionale rapporteringa frå andre omdreva i dette overvåkingsprogrammet er dermed sluttført. Dette gir kvalitetssikra informasjon om landskapsutviklinga og er eit sentralt grunnlag for landbrukspolitikk og verkemiddelbruk nasjonalt og regionalt.

Styret si vurdering er at utfordringane knytt til bruk av landbruksareal er store, men at Skog og landskap sine program er godt eigna for å svare på desse behova. Styret ser at informasjon frå Skog og landskap sin arealinformasjon og tenester, er til stor nytte for både næringsutvikling, arealforvaltning, tilskotsforvaltning og miljøtiltak, men òg for å utvikle, implementere og evaluere resultat av landbruks- og miljøpolitikken.

## Likestilling, mangfald og kompetanse

2012 er det sjette året Skog og landskap rapporterer systematisk på definerte parametarar innan organisasjons- og personalområdet. Styret legg vekt på at dette er eit godt og naudsynt verkemiddel for at instituttet skal ha den kompetansen som trengs både no og i framtida.

Turnover dei siste fem åra har vore mellom 7 og 9 prosent. Utviklinga mot at ein større del av medarbeidarane har høgare akademisk utdanning held fram og har no nådd om lag 70%. Frå 2008 til 2012 har delen med doktorgrad auka med 7,9 prosent. Gjennomsnittleg tal tilsette dei fem siste åra er stabil ca. 220. Instituttet har medarbeidarar frå 16 nasjonar fordelt på 34 tilsette, det vil seie at 15 prosent har utanlandsk bakgrunn. I 2012 er det rekruttert 8 medarbeidarar med utanlandsk bakgrunn (Russland, Tyskland, Danmark, Nederland, Irland, USA og Etiopia).

Gjennomsnittsalderen har vore stabil dei siste åra og er i 2012 på 48 år. Tilsette over 65 år har hatt ein nedgang frå 2011 og er ved utgangen av 2012 på 6,4 prosent, men gjennomsnittleg alder ved avgang var i 2012 på 66,7 år.

Skog og landskap følgjer systematisk opp statleg arbeidsgjevarpolitikk gjennom utvikling av strategiar, planer og konkrete tiltak gjennom året og har



fastsett mål og prinsipp for likestilling. Desse blir følgd opp i tilsettingsprosessar, ved lønsforhandlingar, kompetansegeivande tiltak og der det elles er relevant. Skog og landskap har ikkje skilnader i løn som skuldast kjønn. Blant leiarane er det 39 prosent kvinner, etter ein auke på 6 prosent frå 2011. Fram til 2010 var det auke i kvinnedelen, men dei to siste åra har det vore nedgang frå 40,5 prosent i 2010 til 37,4 prosent i 2012.

Samarbeidet mellom leiinga og dei tillitsvalte har vore godt både generelt og i gjennomføring av dei lokale lønsforhandlingane i 2012.

### **HMS**

Skog og landskap legg stor vekt på godt arbeidsmiljø og førebyggjande helsevern. Instituttet deltek i inkluderande arbeidsliv. Sjukefråværet var nær uendra frå 2011 med 3,5 prosent. HMS-opplæring for leiarar og tillitsvalde er gjennomført. Det har ikkje vore alvorlege hendingar i 2012, men det er rapportert om tre yrkesskadar. To av skadane er knytt til feltarbeid.

Styret har lagt opp til undersøking av arbeidsmiljøet kvart 2. år. Det vart første gong gjort slik undersøking i 2009, deretter i 2011. Resultata viste at tilsette har høg motivasjon og at arbeidsmiljøet blir opplevd som godt. Oppfølginga av undersøkinga er forankra i plan som er lagt fram for styret. Styret er nøgd med at arbeidsmiljøet er godt og at det blir arbeidd systematisk med oppfølging på område der undersøkinga viser potensial for utvikling.

### **Sikkerheit og beredskap**

Analyse av risiko frå 2010 ligg til grunn for arbeidet med beredskap og sikkerheit. Risikobiletet er ikkje vesentleg endra dei siste 2 åra. Dei viktigaste områda er knytt til risiko for liv og helse, samt svikt i høve til informasjonssikkerheita. Beredskapsplan med beskriving av prosedyrar og ansvarsdeling for krisehandtering vart utarbeidd i 2010. Planen omfattar rutinar og ansvar ved kriser som blir handtert av eksterne partar, der Skog og landskap blir bedt om å bidra, og instituttets rolle når den sivile beredskapen (SBS) blir utløyst.

Det er utarbeidd handlingsplan for informasjonssikkerheit. Denne planen har serskilt fokus på teknisk sikkerheit – it-system, brukarane si åtfærd, arkiv og dokumentasjon samt organisering og ansvar. Det er gjennomført tiltak innfor alle områda i 2012, med mest vekt på teknisk sikkerheit og arkiv. Styret vurderer analysar, planar og rutinar for sikkerheit og beredskap å vere i samvar med verksemda sitt risikonivå.

### **Brukarundersøkingar og evalueringar**

Sidan fleire medlemmar av styret var nye i 2012 vedtok styret å utsetje eigenevalueringa av styret sitt arbeid til primo 2013. Skog og landskap gjennomfører òg systematiske evalueringar i etterkant av eigne kurs og konferansar. Ei større brukarundersøking er planlagt for gjennomføring i 2013. I 2012 vart det gjort ekstern evaluering av Norsk senter for bioenergiforskning der Skog og landskap er eigar saman med Bioforsk og UMB. Evalueringa viste at samarbeidet har styrkt det samla forskingsmiljøet innan bioenergi på Campus Ås. Samarbeidet har òg vore viktig som plattform for samarbeidet med SINTEF og NTNU innan det felles forskingssenteret for miljøvenleg energi. I etterkant av evalueringa er det gjort visse endringar i avtalen før den no er underteikna for ein ny periode på 5 år.

### **Økonomisk resultat og perspektiv**

Skog og landskap er eit nettobudsjettert statleg forvaltingsorgan og følgjer dei statlege økonomireglane. Styret har sett mål om å styrke eigenkapital og likviditet for å sikre instituttet ein robust økonomi og evne til å finansiere strategiske satsingar.

Rekneskapet for 2012 er gjort opp med eit driftsresultat på 2,294 MNOK. Av dette er 2,23 MNOK avrekna mot statlege løyvingar, og 0,06 MNOK mot fri eigenkapital. Den frie verksemdskapitalen er 31.12.2012 på 4,5 MNOK. Styret er tilfreds med instituttet si økonomiske utvikling i form av årleg driftsresultat. I 2012 har styret prioritert å auke i investeringane i nytt forskingsutstyr. Dette har gitt Skog og landskap vitskapeleg utstyr som innan nokre område er av det mest moderne som finst. Dette gjer Skog og landskap til eit meir attraktivt institutt både for eigne forskarar og nasjonale og internasjonale samarbeidspartnarar.

Frå 2011 vart instituttet pålagt å ta i bruk ny statleg standard for rekneskapsføring (SRS). Standarden har vist seg å ha store konsekvensar for den økonomiske styringa og oppsettet av rekneskapen. Standarden inneber at det rekneskapsmessige resultatet blir fordelt mellom det som er inntent gjennom frie inntekter, og det som har sitt opphav i løyvingar. Overskot på inntekter frå departement og Forskningsråd blir såleis avsett som delvis bundne forskotsmiddel og er ikkje fri eigenkapital. Desse midla blir brukt til strategiske, faglege satsingar innanfor dei resultatområda som dei er opptent frå. Det var òg eit krav at tidlegare opptent verksemdskapital skulle splittast i ein løyvingbasert og ein oppdragsbasert del. Eit anna krav medførte at ein del av tidlegare avsett

verksemdskapital måtte overførast til posten «ikkje inntektsført løyving vedrørande anleggsmiddel».

Samla har desse krava i SRS ført til at den «frie» eigenkapitalen på om lag 23,8 MNOK i styregodkjent rekneskap for 2011, er redusert til 4,5 MNOK etter splitting i avrekning av løyvingsbasert verksemd og avsetjing til ikkje inntektsført løyving vedrørande anleggsmiddel. Styret har teke opp konsekvensane av innføringa av SRS med Landbruks- og matdepartementet da desse endringane i oppsettet av rekneskapen kan gi eit uheldig inntrykk av instituttet sin økonomiske soliditet. Styret vil difor følgje nøye med på konsekvensane av SRS og ha ein aktiv dialog med eigardepartementet om saka.

### **Framtidsutsikter**

Samfunnet, både globalt og nasjonalt, møter nye, store og komplekse utfordringar. Verda si største utfordring i vår tid er prega av uvisse og risiko knytt til klimaendringar. Landbruksnæringane, skogen, utmarka og jordbruksareala kan spele ei viktig rolle for å bremse endringane i klimaet. Primærnæringane må også tilpassast endra klima. Folkeveksten krev auka matproduksjon både globalt og nasjonalt. Olje er ein avgrensa ressurs som må erstattast med andre kjelder til energi og råstoff. Biomasse frå jord- og skogbruksareal må dekke fleire behov i framtida. Dette skapar behov for meir produksjon og bruk av biomasse, men den auka biomasseproduksjon i jord- og skogbruket må skje på berekraftig vis.

For å løyse desse utfordringane må dei produktive areala takast vare på og forvaltast med kunnskap, og produksjonen aukast. Dette krev god

kunnskap om areala sin tilstand, kvalitet og produksjonspotensial. Tilgangen til informasjonen må betrast gjennom å ta i bruk ny informasjonsteknologi både i forvaltinga og i næringane. Auka biomasseproduksjon og meir innovativ verdiskaping basert på biomasse frå skogen og jordbruket, krev stor forskingsinnsats og innovasjon. Å forvalte skogen slik at bidraget til å bremse klimaendringane og samstundes tilpasse samfunnet og serleg primærnæringane til endra klima, er den fremste oppgåva i vår tid. Skog og landskap har slik styret ser det høg kompetanse innan desse fagfelt, mellom anna gjennom instituttet sitt klimasenter.

Styret si samla vurdering er at Skog og landskap er godt posisjonert for å dekke desse behova og instituttet kan styrke posisjonen som kunnskapsleverandør i framtida. Men dette krev òg stabilitet i dei økonomiske rammene. Skognæringane står oppe i sers krevjande omstillingar. Dette kan gjere det vanskelegare å finansiere brukarstyrt forskning. På den andre sida krev situasjonen innovative løysingar basert på langsiktig, offentleg finansiert forskning slik at ressursane kan finne nye bruksområde i nye produksjonar og verdikjeder.

# Norsk institutt for skog og landskap

## RESULTATREGNSKAP 2012

	2012	2011
<b>Driftsinntekter</b>		
Inntekt fra bevilgninger	157 625 611	158 068 843
Gebyrer		0
Tilskudd og overføringer	37 895 273	45 167 305
Salgs- og leieinntekter	6 027 391	11 929 935
Gevinst ved avgang av anleggsmidler	252 000	0
Andre driftsinntekter	3 522 170	974 425
<i>Sum driftsinntekter</i>	205 322 446	216 140 507
<b>Driftskostnader</b>		
Lønn og sosiale kostnader	141 193 734	135 089 098
Varekostnader		0
Andre driftskostnader	56 762 048	72 865 789
Avskrivninger	5 067 727	2 793 498
Nedskrivninger		0
<i>Sum driftskostnader</i>	203 023 510	210 748 385
<b>Driftsresultat</b>	<b>2 298 936</b>	<b>5 392 123</b>
<b>Finansinntekter og finanskostnader</b>		
Finansinntekter	-4 642	55 094
Finanskostnader		0
<i>Sum finansinntekter og finanskostnader</i>	-4 642	55 094
<b>Inntekter fra eierandeler i selskaper mv.</b>		
Utbytte fra selskaper mv.	0	15 054
<i>Sum inntekter fra eierandeler i selskaper mv.</i>	0	15 054
<b>Resultat av periodens aktiviteter</b>	<b>2 294 294</b>	<b>5 462 271</b>
<b>Avregninger</b>		
Avregning med statskassen (bruttobudsjetterte)	0	0
Avregning bevilgningsfinansiert virksomhet	-2 234 907	-5 282 638
<i>Sum avregninger</i>	-2 234 907	-5 282 638
<b>Periodens resultat (til virksomhetskapital)</b>	<b>59 388</b>	<b>179 633</b>
<i>Disponeringer</i>	0	0
<b>Innkrevningsvirksomhet</b>		
Inntekter av avgifter og gebyrer direkte til statskassen	0	0
Overføringer til statskassen	0	0
<i>Sum innkrevningsvirksomhet</i>	0	0
<b>Tilskuddsforvaltning</b>		
Overføringer fra statskassen til tilskudd til andre	11 955 768	11 729 322
Utbetalinger av tilskudd til andre	11 955 768	11 729 322
<i>Sum tilskuddsforvaltning</i>	0	0



## BALANSE PR. 31.12. 2012

	2012	Åpningsbalanse 1.1.2012	2011
<b>EIENDELER</b>			
<b>A. Anleggsmidler</b>			
<b>I Immaterielle eiendeler</b>			
Forskning og utvikling	0	0	0
Rettigheter og lignende immaterielle eiendeler	0	0	0
<i>Sum immaterielle eiendeler</i>	0	0	0
<b>II Varige driftsmidler</b>			
Bygninger, tomter og annen fast eiendom			
Maskiner og transportmidler	1 237 576	1 231 762	224 404
Driftsløsøre, inventar, verktøy og lignende	13 200 672	8 714 223	9 778 202
Anlegg under utførelse			
Beredskapsanskaffelser			
<i>Sum varige driftsmidler</i>	14 438 248	9 945 985	10 002 606
<b>III Finansielle anleggsmidler</b>			
Investeringer i datterselskaper			
Investeringer i tilknyttet selskap			
Investeringer i aksjer og andeler	150 000	150 000	
Obligasjoner og andre fordringer	206 954	117 862	117 862
<i>Sum finansielle anleggsmidler</i>	356 954	267 862	117 862
<b>Sum anleggsmidler</b>	<b>14 795 202</b>	<b>10 213 847</b>	<b>10 120 468</b>
<b>B. Omløpsmidler</b>			
<b>I Varebeholdninger og forskudd til leverandører</b>			
Varebeholdninger			
Forskuddsbetalinger til leverandører	809 120	2 386 853	2 386 853
<i>Sum varebeholdninger og forskudd til leverandører</i>	809 120	2 386 853	2 386 853
<b>II Fordringer</b>			
Kundefordringer	4 414 349	5 405 992	5 405 992
Andre fordringer	19 410	30 791	30 791
Opptjente, ikke fakturerte inntekter	17 201 309	14 546 331	14 546 331
<i>Sum fordringer</i>	21 635 068	19 983 114	19 983 114
<b>III Kasse og bank</b>			
Bankinnskudd	93 373 794	88 668 576	88 668 576
Andre kontanter og kontantekvivalenter	4 400	29 416	29 416
<i>Sum kasse og bank</i>	93 378 194	88 697 991	88 697 992
<b>Sum omløpsmidler</b>	<b>115 822 382</b>	<b>111 067 958</b>	<b>111 067 959</b>
<b>Sum eiendeler</b>	<b>130 617 584</b>	<b>121 281 805</b>	<b>121 188 427</b>

VIRKSOMHETSKAPITAL OG GJELD

	2012	Åpningsbalanse 1.1.2012	2011
<b>C. Virksomhetskapi tal</b>			
<b>I Innskutt virksomhetskapi tal</b>			
Innskutt virksomhetskapi tal			
<i>Sum innskutt virksomhetskapi tal</i>	0	0	0
<b>II Opptjent virksomhetskapi tal</b>			
Opptjent virksomhetskapi tal	4 475 581	5 084 730	23 819 725
<i>Sum opptjent virksomhetskapi tal</i>	4 475 581	5 084 730	23 819 725
<b>Sum virksomhetskapi tal</b>	<b>4 475 581</b>	<b>5 084 730</b>	<b>23 819 725</b>
<b>D. Gjeld</b>			
<b>I Avsetning for langsiktige forpliktelse r</b>			
Ikke inntektsfø rt bevilgning knyttet til anleggsmidler	14 438 248	9 945 985	370 000
Andre avsetninger for forpliktelse r	2 356 203	90 000	14 019 356
<i>Sum avsetning for langsiktige forpliktelse r</i>	16 794 451	10 035 985	14 389 356
<b>II Annen langsiktig gjeld</b>			
Øvrig langsiktig gjeld			
<i>Sum annen langsiktig gjeld</i>	0	0	0
<b>III Kortsiktig gjeld</b>			
Leverandø rgjeld	9 242 961	11 548 153	11 548 153
Skyldig skattetrekk	5 183 636	4 992 802	4 992 802
Skyldige offentlige avgifter	5 764 311	5 288 491	5 288 491
Avsatte feriepenge r	11 768 044	11 547 978	11 547 978
Forskuddsbetalte, ikke opptjente inntekte r	14 100 775	6 702 049	6 702 049
Annen kortsiktig gjeld	1 247 683	4 170 935	2 794 672
<i>Sum kortsiktig gjeld</i>	47 307 409	44 250 408	42 874 145
<b>IV Avregning med statskassen</b>			
Avregning med statskassen (bruttobudsjetterte)			
Avregning bevilgningsfinansiert virksomhet (nettobudsjetterte)	12 916 249	14 165 027	5 282 638
Ikke inntektsfø rt bevilgning (nettobudsjetterte)	49 123 895	47 745 655	34 822 562
<i>Sum avregning med statskassen</i>	62 040 144	61 910 682	40 105 200
<b>Sum gjeld</b>	<b>126 142 003</b>	<b>116 197 075</b>	<b>97 368 701</b>
<b>Sum virksomhetskapi tal og gjeld</b>	<b>130 617 584</b>	<b>121 281 805</b>	<b>121 188 426</b>

Kommentarer til regnskapet for 2012

Regnskapet for 2012 er avlagt i tråd med bestemmelsene i Anbefalte statlige regnskapsstandarder (SRS). Ny åpningsbalanse etter SRS ble vedtatt i styret 13. desember 2012. Balanseoppstillingen viser derfor både utgående balanse 31.12.2011 og ny åpningsbalanse 01.01.2012.

I åpningsbalansen etter SRS, er egenkapitalen splittet opp og fordelt mellom «Virksomhetskapi tal», «Ikke inntektsfø rt bevilgning knyttet til anleggsmidler» og «Avregnet bevilgningsfinansiert virksomhet».

Posten «Ikke inntektsfø rt bevilgning knyttet til anleggsmidler», skal i henhold til SRS, ha samme saldo som «Varige driftsmidler». Saldoen reguleres direkte mot kontoen for «Avregning bevilgningsfinansiert virksomhet». De to kontoene må ses i sammenheng.

Ås, 14. mars 2013

  
 Arne Røra

  
 Helge Evju

  
 Lisa Sennerby Forsse

  
 Sigrid Hjørnegård

  
 Knut Bjørkelo

  
 Magne Sætersdal

  
 Arne Bardalen

# PRODUKTER OG TJENESTER 2012

**Jordregister** og **Gårdskart** er produsert for alle landbrukseiendommer for alle landets kommuner. Det er produsert andre gangs, kvalitetssikret jordregister, for 65 kommuner. Areal tall herfra oppdaterer Landbruksregisteret og blir brukt som kontrollgrunnlag for arealbaserte tilskudd.

**Gårdskart på Internett** har hatt 1072735 søk på landbrukseiendommer. Det gir et snitt på 2 939 søk hver dag, mot 2 855 året før.

**AR5** er ajourført med oppdaterte ortofoto i 36 kommuner og et jordbruksareal på 1195 km<sup>2</sup>. Dette gjelder andre gangs periodisk ajourhold. Bruken av AR5 er økende, både gjennom egne og andres webløsninger. Antall viste AR5 bilder, eller wms-tjenester, var 937639 mot 697800 året før.

**Jordsmonnkartlegging** ble i 2012 utført på 48,6 km<sup>2</sup> dyrka mark i Hedmark, Rogaland og Nordland. Jordsmonnkartfiler ble lastet ned 994 ganger i 2012, og det ble vist 1554 577 kartbilder fra jordsmonnbasen i ulike webløsninger. En betydelig del av dette var knyttet til det nye produktet Jordkvalitet.

**Beitegransking** er ferdigstilt for 363 km<sup>2</sup> utmarksbeite. Arealet ligger i kommunene Hammerfest, Tromsø, Frøya, Stor-Elvdal og Os i Østerdalen.

- Hammerfest kommune: 17 km<sup>2</sup> med godt – svært godt beite. Kapasitet 700 – 900 sau
- Tromsø kommune: 8 km<sup>2</sup> med godt beite. Kapasitet 300 sau. Konsekvensutredning for utbygging av alpinanlegg.
- Frøya kommune: 20 km<sup>2</sup> mindre godt beite. Skjøtselsplan for verneområde. Kapasitet ikke beregna.
- Os kommune: 140 km<sup>2</sup> med svært godt – godt beite. Kapasitet 7300 – 8900 sau.
- Stor-Elvdal kommune: 178 km<sup>2</sup> med mindre godt – godt beite. Kapasitet 2300 – 2800 sau.

Kartdata er levert både analogt og digitalt og prosjektene er presentert lokalt. Det er lagt til rette for presentasjon av vegetasjonskart med avleda tema på Skog og landskap sin kartportal Kilden. 20000 km<sup>2</sup> digitale vegetasjonskart er lagt ut på nett.

**Beitebruk i utmark.** Informasjonssystemet på Internett er oppdatert med data for 2011. Data

fra IBU ble lastet ned 199 ganger i 2012, og det ble vist 260 102 kartbilder fra beitebruksdatabasen i ulike webløsninger.

**Arealregnskap for utmark** har publisert fylkesrapport for Troms.

**Satellittbaserte skogkart** og tilhørende statistikk dekker alt produktivt skogareal utenom Finnmark. Disse skogkartene ble lastet ned 448 ganger i 2012, og det ble vist 225 065 kartbilder av skogkartene i ulike webløsninger.

**Corine land cover** formidles primært av European Environmental Agency, men er også tilgjengelig via instituttets nettsider. Fra våre hjemmesider ble Corine land cover lastet ned 40 ganger i 2012, og det ble vist 202 151 av Corine land cover i ulike webløsninger.

**Landskap.** På dette fagområdet er det besvart 268 loggførte henvendelser om kulturlandskapsspørsmål og tjenester og holdt 50 populærvitenskapelige foredrag om kulturlandskap. Programmet har en omfattende formidlingsvirksomhet

**Tettbygd areal.** I forbindelse med utarbeidelse av ny ligningstakst for boliger, la instituttet på forespørsel fra SSB ut en karttjeneste hvor publikum kunne sjekke om boligen ligger i tettbygd eller spredtbygd strøk. Denne tjenesten ble benyttet 12 608 ganger i 2012.

**Utmarkseiendommer.** Det er i samarbeid med SSB utarbeidet eiendomsstatistikk over utmarksareal.

**Ny versjon av Gårdskart på internett ble lansert i juni 2012**

- Ny teknologisk plattform
- Modul 1 av 3

**Nye karttema i Kilden:** Vernskog og jordkvalitet

AR5 KURS:	ANT. KURS	ANT. KOMMUNER	ANT DELTAGERE
AR5 – Innføring	7	100	142
AR5 – Feltkurs	11	88	108
AR5 – Ajourføring	19	104	141

# FAGLIGE HØYDEPUNKTER 2012

## Januar:

- Tore Filbakk disputerer for doktorgraden ved UMB på en avhandling om kvalitet på flis og pellets.



Tore Filbakk (foto: Skog og landskap)

- Vi leverer Nasjonal statusrapport for skogtregenetske ressurser til LMD.
- Vi installerer Simultaneous Thermal Analyzer (STA) i kombinasjon med gassanalyseutstyr, brukes i forbindelse med forskning på brannbeskyttelsesmidler, bioenergi, tremodifisering og nedbryting av tre.


## Mars:

- Fride Høistad Schei disputerer for doktorgraden ved Universitetet i Bergen på en avhandling om utbredelse og sjeldenhet til flere arter.



Fride Høistad Schei (foto: Magnar Høistad).

- Tidsskriftet *Science* publiserer en artikkel om granas overvintring under siste istid i Skandinavia med Mari Mette Tollefsrud som delt førsteopfatter.



Figuren viser den geografiske fordelingen av to genetiske varianter man har funnet hos gran. Sirklene representerer populasjoner som er undersøkt, den grønne skyggen bak representerer utbredelsen til gran. Den brune fargen representerer den mest vanlige varianten som finnes over hele utbredelsesområdet til gran, den gule varianten er unik for Skandinavia og representerer sannsynligvis etterkommerne etter gran som kan ha overlevd i Skandinavia under siste istid. Pilene illustrerer potensielle vandringsveger for grana etter sist istid.


- Vi arrangerer et nordisk møte for å samordne data fra 90 års skogtakseringer i Sverige, Finland og Norge.



Representanter fra Norge, Sverige og Finland deltok i møtet (foto: Kjetil Vistad)

## April:

- Vi publiserer temakart Jordkvalitet på Kilden som blir et viktig instrument for arealplanlegging.



Jordkvalitetskart publisert på Kilden.

- Vi publiserer resultater i tidsskriftet *Ecology* som viser at isolerte, nye skogbestand i lynghei koloniseres av lav, og med tiden får et like høyt arts mangfold som levesteder i sammenhengende skoglandskap.

## Mai:

- Boka «Biodiversity in Dead Wood» på Cambridge forlag formidler vår samlede kunnskap om nedbrytningsprosessen og det myldrende livet i den døde trestammen. Førsteopfatter er Jogeir Stokland.



«Biodiversity in Dead Wood» (foto: Severin Woxholt).

- Vi deltar på Plantefascinasjonsdagen på UMB med ny brosjyre *Plantearven – en del av vårt biologiske mangfold*.

- Vi arrangerer en geodataledersamling i Troms som blir svært vellykket
- Vi åpner tilbakeblikk.no versjon 2 på Norsk Folkemuseum på Bygdøy, en nettsjeneste som består av bildepar med en tidsforskjell på fra 125 år til 13 dager.



Nettsjeneren tilbakeblikk.no versjon 2

- Vi anskaffer tredje generasjon gensekvenseringsmaskin, Ion Personal Genome Machine, som gjør genomdata lettere tilgjengelig, en kraftig spydspiss for genforskningen.



Adam Vivian-Smith (til venstre), Carl Gunnar Fossdal og en gensekvenseringsmaskin (foto: John Olav Oldertrøen).

- Vi deltar på International Research Group on Wood Protection i Malaysia der Lone Ross Gobakken og Gry Alfredsen holder foredrag i hovedsesjonen.



Lone Ross Gobakken på talerstolen og Gry Alfredsen (nr 3 fra høyre) på forskermøte i Kuala Lumpur, Malaysia (foto: Erik Larnøy)

## Juni:

- Vi publiserer genomet til rotkjuke i *New Phytologist*, en milepel i forskningen på den verste skadegjøreren i Europas skoger.
- Vi leder en internasjonal arbeidsgruppe som publiserer en ny versjon av spesifikasjon av jordsmonndata (EU direktiv Inspire).
- Vi får besøk av hele redaksjonen i forskningsnettstedet [www.forskning.no](http://www.forskning.no), som publiserer 9 redaksjonelle artikler fra vår virksomhet. 8 av disse ble oversatt og publisert på [sciencenordic.com](http://sciencenordic.com).



Redaktør Nina Kristiansen i forskning.no (foto: Severin Woxholt).

- Tilbakeblikkutstillingen var på Hallingdal museum i Nesbyen.



Tilbakeblikkutstillingen på Hallingdal museum, tilbakeblikk 1940 – 2008, hesteslepp mellom Geilo og Skurdalen – bilvei (foto: Wilse – Puschnann).

- Vi lanserer ny versjon av *Gårdskart på Internett*.

## August:

